

Om du tar seg ein tur langs elva i desse dagar, vil ein sjå fleire bilar stå nær elva. Tar du denne turen gjentatte gonger, vil eit par bilar utmerka seg ved å stå "stand by". Motorstopp? Nei, det er fiskarar....

Uskedalen.no tok motet til seg og avbraut tre fiskarar som hadde funne seg ein fin høl eit stykke oppe i dalen. Her kom vi i snakk med Roy Pettersen som har årets rekord med ein laks på 10,2 kilo (har ikkje høyrte om nokon betre). Han hadde fått besøk heilt ifrå Vesterålen, av to sportsfiskarar. Dei hadde tatt Hurtigruta ned til Trondheim, for så å kjøre ned til elva i Uskedalen. Dette er ein tur på 160 mil, så noko må dei forventa å få igjen. Det har vore ein frustrerande sommar for alle dei som brukar sommaren til å fiske. Vannstanden har vore låg og varmen har ikkje gjort tilhøva for å få fisken til å bita noko betre. Men rett før fiskesesongen vert avslutta, har endeleg veret snudd, og fiskarane får igjen for si tålmod.

Då vi spør Pettersen om kva han synes om Uskedalselva, hevar han augebryna, fyller lungene; Uskedalselva er ei fantastisk elv! Ikkje berre er det elva som er fantastisk, men fisken også! Det er ei fin lakseelv, der ein får stor aure.

-Men er ikkje denne elva ei aureelv?

Ein får stor og fin aure, men slik utviklinga er no, vil nok laksen komme meir og meir. Ein skal ikkje vera redd, for aure vil det nok alltid vera her, trur Pettersen.

Fisken i denne elva er i utruleg god form, noko som gjer at den er fin og frisk. Formen kjem av stryka og straumforhalda i elva. Det er ein prøvelse for fisken å komme seg opp til gyteplassane.

Dette med laks er jo eit spesielt tema her med alle oppdrettsanlegga. Vil den laksen som er i Uskedalselva verta blanda med rømt oppdrettslaks?

Dette trur ikkje Pettersen; Nei, for det første er oppdrettslaksen nesten steril, og med den geografiske oppbyggjinga av elva her, så må laksen vera i god fysisk form for å komme seg opp, noko som er vel heller tvilsamt at oppdrettslaksen er. Ein anna utslagsgivande faktor er at oppdrettslaksen går seinare opp enn villaksen.

Så var det dei to sportsfiskarane som har reist 160 mil....Som sportsfiskarar reiser ein rundt og fiskar i fleire elvar. Då vi preika med dei, hadde dei ikkje fått fiska så mykje, men såg på elva som veldig spanande. Men det som vart bemerkta, og vart understreka opptil fleire gonger, var gjestfriheten som var her. Dei fleste elvane har skilt som gjer klar beskjed om anmeldelse dersom ein fiskar, eller ein haug med reglar ein må kunne før ein så mykje så tenkjer på å lage til fiskestanga. Det er skilt her i elva òg, men her står det velkommen. Velkommen og god veiledning. Det vart satt særst stort pris på, og det må Uskedalen ta med seg. Sportsfiskarane er viktig å ta vare på med tanke på vedlikehald av elva. Med det så tenkjer ein på at dei ikkje har noko til overs for dei som driv og set garn, samt dei som driv og fiskar utanom gitt tid.

Med andre ord, så ser framtida for Uskedalselva lys ut, og den æra skal Uskedalen elveeigarlag ha. For dei som trur vi berre vart tildelt eit kalkingsanlegg, får tru om att. Her ligg det fleire år med prøvetaking og statistikkar. - Flott jobba; No byrjar det å gje resultat!

-Magnhild Haugland



Kva spelar inn for å kunne få den verkeleg store fisken? Fullmånen, nordavinden, floga, makken.....Vel egentleg alt, er vel konklusjonen.